

Utdanningsutvalget

Dato: 23.02.2021 13:00

Sted: Teams

Notat:

Saksliste

Vedtakssaker

5/21 Godkjenning av saksliste 2/21	3
6/21 Stortingsmelding 7 (2020-2021): «En verden av muligheter. Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning».	4
7/21 Mogleg medlemskap i Nordic Centre i India	11
8/21 Eventuelt 2/21	14

Orienteringssaker

4/21 Rapport fra pilot i internasjonalt masteropptak 2020 - kompetansebasert opptak	15
5/21 Orientering om internasjonalt opptak ved NHH	16
6/21 Orientering om resultatene fra Studiebarometeret 2020	20
7/21 Prorektor orienterer 2/21	25

GODKJENNING AV SAKSLISTE 2/21

Saksbehandler Merete Ræstad
Arkivreferanse 17/03138-34

Utvalg
Utdanningsutvalget

Møtedato
23.02.2021

Utvalgsnr
5/21

Forslag til vedtak:

Utvalget godkjenner saksliste 2/21

Bakgrunn:

Skriv inn bakgrunn her.

STORTINGSMELDING 7 (2020-2021): «EN VERDEN AV MULIGHETER. INTERNASJONAL STUDENTMOBILITET I HØYERE UTDANNING».

Saksbehandler Astrid Foldal
Arkivreferanse 15/00119-15

Utvalg
Utdanningsutvalget

Møtedato
23.02.2021

Utvalgsnr
6/21

Forslag til vedtak:

Prorektor tek med seg innspela frå Utdanningsutvalet i det vidare arbeidet med å følgje opp Stortingsmelding 7 (2020-2021): «En verden av muligheter. Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning»,.

Bakgrunn:

Hausten 2020 la regjeringa fram *Stortingsmelding 7 (2020-2021): «En verden av muligheter. Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning»*, også kalt mobilitetsmeldinga. Meldinga er no til handsaming i Utdannings- og forskningskomiteen og førebels dato for handsaming i Stortinget med debatt og endeleg vedtak er 25.02.21.

Det overordna målet med denne meldinga er å bidra til ei kulturendring i universitets- og høgskulesektoren slik at internasjonal mobilitet blir ein integrert del av alle studieprogram, og slik at det blir mogleg å nå regjeringas mål om at halvparten av dei som avlegg ein grad i norsk høgare utdanning, skal ha hatt eit studieopphald i utlandet. Det skal skapast tydelege forventningar til studentane om at dei skal ta eit studie- eller praksisopphald i utlandet, ved at studentane aktivt skal måtte velje det bort dersom dei ikkje kan eller ønskjer å reise ut. NHH er den einaste institusjonen i Norge som allereie har oppnådd det kvantitative mobilitetsmålet. Meldinga peikar likevel på tiltak der det er store utviklingsmoglegheiter for NHH som fokuserer på kvalitetsaspektet, og som må vurderast i samband med ny strategiperiode for NHH. Det er derfor verdt å ta med seg kva regjeringa meiner kan bidra til ein kultur for internasjonal studentmobilitet i det vidare arbeidet med å bevare den høge mobiliteten og jobbe vidare med å utvikle kvaliteten:

1. Studentmobilitet inngår i det strategiske arbeidet for å styrke kvalitet og relevans i høgare utdanning.
2. Studentmobilitet er basert på institusjonelt samarbeid, der både forskning og utdanning som regel inngår.
3. Regelverk og finansieringsordningar skal stimulere til auka studentmobilitet.
4. Leiing, fagleg tilsette og administrasjon ved institusjonane, så vel som studentane sjølv, er samde om og bidreg til ei slik kulturendring.
5. Arbeids- og næringslivet etterspør og verdset studentane si utanlandserfaring.

Å heve kvaliteten i høgare utdanning og forskning er eitt av regjeringas viktige prosjekt. Internasjonal studentmobilitet er vesentleg for å nå dette målet. *Meld. St. 16 (2016–2017) Kultur for kvalitet i høyere utdanning (Kvalitetsmeldingen)* slår fast at internasjonalisering skal vere eit middel for å styrke kvaliteten i høgare utdanning. Alle studieprogram skal ha internasjonaliseringstiltak, der internasjonal studentmobilitet inngår. Viktige hovudformer for internasjonalisering er:

- utveksling av studentar og tilsette
- samarbeid om undervisningstilbod (gjesteforelesarar, rettleiing)
- samarbeid om utvikling av studietilbod (kurs, emne)
- samarbeid om heile gradsstudiar som dobbelt- eller fellesgrader

[Mobilitetsmeldinga kan i sin heilheit lesast her](#). I vedlegg 1 gis det ei oversikt over regjeringas vurderingar og tiltak i meldinga som er relevante i NHH sitt vidare arbeid med internasjonal studentmobilitet.

Desse kan delast i fire kategoriar:

1. Tiltak som omhandlar norske studentar som vel å gjennomføre ein del av studietida si i utlandet gjennom utveksling frå sin norske utdanningsinstitusjon.
2. Tiltak som omhandlar regjeringas politikk overfor innkommande utvekslingsstudentar, det vil seie utenlandske studentar som tar delar av graden sin ved ein norsk institusjon.
3. Tiltak som tek for seg regjeringas politikk for Europakommisjonens program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett (Erasmus+).
4. Tiltak som omhandlar internasjonale gradsstudentar som kjem til Norge.

Denne mobilitetsmeldinga vil bli eit viktig styringsdokument for NHH inn i neste strategiperiode og det er ei forventning om at høgskulen aktivt brukar meldinga som eit grunnlag for strategiske prioriteringar og utforming av konkrete tiltak, primært på områda som dreier seg om studiemobilitet både inn og ut, studie- og praksismobilitet, samt internasjonale fullgradsstudentar.

Prorektor ønskjer med dette å starte ein diskusjon på strategisk nivå og ber om innspel frå Utdanningsutvalet om korleis dette arbeidet kan organiserast og følgast opp vidare for å sikre god involvering, forankring og tilslutning blant både studentar, fagstab og administrasjon. Det er i tillegg avgjerande å sikre at oppfølging av nasjonale føringar på dette område støttar opp om og set NHH i stand til å oppnå eigne målsettingar og ambisjonar.

Vedlegg 1.

Stortingsmelding 7 (2020-2021): «En verden av muligheter. Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning».

Tiltak som omhandler norske studentar som vel å gjennomføre ein del av studietida si i utlandet gjennom utveksling frå sin norske utdanningsinstitusjon.

Hvilke land norske studenter drar til

- Regjeringen ønsker at en høyere andel norske studenter skal reise på utveksling til ikkeengelskspråklige land enn hva tilfellet er i dag.
- Regjeringen vil at flere norske studenter skal prioritere å reise på utveksling til de ikkeengelskspråklige landene blant Norges prioriterte samarbeidsland innenfor høyere utdanning og forskning.
- Regjeringen vil gjøre endringer i Lånekassens regelverk for å øke mobilitet til prioriterte samarbeidsland, og komme tilbake til de budsjettmessige konsekvensene i de årlige statsbudsjettene.

Studentmobilitet som del av internasjonalt samarbeid

- Regjeringen forventer at norske institusjoner jobber strategisk med å etablere et gjensidig og langsiktig samarbeid med utenlandske institusjoner der studentutveksling er godt forankret.
- Regjeringen forventer at internasjonaliseringsarbeidet, samarbeidsavtalene og studentmobiliteten blir fullt ut integrert i de øvrige oppgavene ved institusjonen.
- Regjeringen forventer at samarbeidsavtaler forankres i de ansattes faglige nettverk, slik at de faglig ansatte føler et eierskap til dem.
- Regjeringen vil oppfordre institusjonene (spesielt mindre institusjoner og/eller fag) til å inngå felles utvekslingsavtaler seg imellom.
- Regjeringen forventer at institusjonene er oppmerksomme på utfordringene knyttet til overføringsgrunnlaget for personopplysninger til tredjeland hvor det ikke foreligger en beslutning om tilstrekkelig beskyttelsesnivå og det ikke er mulig å inngå en standardkontrakt.

Integrering av studentmobilitet i studieprogrammer og aktiv avmelding

- Regjeringen har som ambisjon at alle institusjoner på sikt innfører en ordning hvor studenten selv aktivt må melde seg av utenlandsoppholdet, såkalt aktiv avmelding. Institusjonene kan selv bestemme hvordan og når dette innføres. Utenlandsoppholdet er frivillig, og studenten behøver ikke å begrunne en avmelding.
- Regjeringen forventer at alle institusjoner legger opp til at utvekslingsopphold er godt integrert i studieprogrammene.
- Regjeringen har som ambisjon at et utenlandsopphold i løpet av studietiden blir hovedregelen for alle studenter der slike utenlandsopphold gir et godt faglig utbytte og er praktisk gjennomførbare.
- Regjeringen vil i styringsdialogen med universitetene og høyskolene følge med erfaringene institusjonene gjør seg med integrering av utenlandsopphold i studieprogrammene, og vil i den forbindelse vurdere eventuelle tiltak for at flere studieprogrammer kan legge bedre til rette for internasjonal studentmobilitet, herunder om det skal stilles økte krav om aktiv avmelding.

– Regjeringen forventer at fagmiljøene gjør det tydeligere for studenter og arbeidsgivere hvordan utenlandsopphold kan bidra til å gjøre utdanningene faglig bedre og mer arbeidsrelevante.

Ansattmobilitet og kobling mellom forskning og høyere utdanning

– Regjeringen forventer at institusjonene gjennom samarbeidsavtaler som er nær knyttet til de faglige miljøene, og som integrerer studentmobilitet og internasjonalisering i helhetlige studieprogrammer, øker andelen vitenskapelig ansatte som reiser ut.

– Regjeringen ser videre at det er behov for økt mobilitet blant ph.d.-studentene.

– Regjeringen forventer at institusjonene så langt det er mulig, benytter eksisterende forskningssamarbeid til å inngå nye, kvalitetssikrede og tilrettelagte avtaler om studentutveksling. I disse avtalene bør studentmobilitet bli koblet på forskernes internasjonale prosjekter og nettverk.

– Regjeringen forventer at institusjonene inngår internasjonale samarbeidsavtaler der forskningselementer inngår dersom det er praktisk mulig og faglig hensiktsmessig.

Fellesgrader

– Regjeringen mener at de faglige gevinstene av fellesgradssamarbeid er såpass store at det til tross for administrative utfordringer fortsatt er ønskelig at norske universiteter og høyskoler prioriterer å delta i fellesgradssamarbeid med utenlandske institusjoner.

– Regjeringen vil vurdere om det skal stimuleres til fellesgradssamarbeid med prioriterte samarbeidsland. For land Norge ikke har et sikkerhetspolitisk samarbeid med, må det tas spesielle hensyn.

Europeiske universiteter

– Regjeringen støtter Europakommisjonens nye tiltak Europeiske universiteter og oppfordrer norske institusjoner til å inngå i allianser innenfor dette tiltaket.

– Gjennom pilotperioden for Europeiske universiteter vil Kunnskapsdepartementet ha dialog med norske deltakerinstitusjoner dersom det oppstår hindre på grunn av nasjonalt regelverk.

Innpassing i grad

– Regjeringen forventer at institusjonene organiserer alle sine studieprogrammer med tydelige mobilitetsvinduer, slik at det er klart for studentene når i løpet av studieprogrammet det er lagt opp til mobilitet.

– Regjeringen vil at institusjonene i større grad legger opp til forhåndsgodkjente emnepakker for studentmobilitet for studieprogrammene. Slike pakker skal sikre at studentene vet på forhånd at de får et kvalitetssikret utenlandsopphold som de får innpasset fullt ut i graden hjemme.

– Regjeringen forventer at institusjonene legger til rette for faglig relevante mobilitetsopphold med god faglig sammenheng mellom utenlandsoppholdet og det hjemlige studieprogrammet. Det må synliggjøres for studentene hva som er det forventede læringsutbyttet av utenlandsoppholdet, og hvordan emnene de tar ute, bidrar til det overordnede læringsutbyttet for studieprogrammet.

– Regjeringen forventer at institusjonene i arbeidet med å godkjenne emner tatt i utlandet følger Lisboa-konvensjonens ordlyd om at utdanning tatt i utlandet skal godkjennes med mindre det kan bevises at det er betydelige forskjeller.

– Regjeringen vil ta inn en læringsutbyttebeskrivelse om internasjonal kompetanse i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for å understreke viktigheten av at alle som fullfører en grad skal ha internasjonal kompetanse.

Mobilitet under tre måneder

– Regjeringen forventer at institusjonene fortsatt jobber mest for å øke semestermobiliteten, det vil si utenlandsopphold av minst tre måneders varighet, men vil innføre uttelling for opphold på mellom én og tre måneder i finansieringssystemet så snart det lar seg gjennomføre.

Annen praksismobilitet

– Regjeringen vil at institusjonene legger mere til rette for internasjonale praksisopphold gjennom aktiv bruk av ordninger som Erasmus+, ved deltakelse i programmet i perioden 2021– 2027, og InternAbroad.

– Regjeringen forventer at innføring av uttelling for mobilitetsopphold på mellom én og tre måneder i finansieringssystemet vil bidra til at flere studenter tar praksisopphold i utlandet.

Ansaret for norske studenter i utlandet ved uforutsette hendelser

– Regjeringen forventer at universiteter og høyskoler vurderer og tar høyde for sikkerhetsrisikoen ved å sende norske studenter til utlandet i hvert enkelt tilfelle.

– Institusjonene har et klart ansvar for å informere og veilede studentene om både muligheter og begrensninger i forkant av reisene, samt tydeliggjøre hva studentene selv har ansvar for.

Digitalt samarbeid og utveksling uten fysisk mobilitet

– Regjeringen forventer at institusjonene innarbeider en internasjonal profil tilpasset det enkelte studiet i alle studieprogrammene, og at de legger til rette for internasjonalisering også for studenter som ikke reiser på utvekslingsopphold. Regjeringen forventer at institusjonene vurderer hvordan de kan innpasse virtuelt samarbeid i sine studieprogrammer.

Tiltak som omhandler regjeringas politikk overfor innkommande utvekslingsstudenter, det vil seie utenlandske studenter som tar delar av graden sin ved ein norsk institusjon.

– Regjeringen vil at norske høyere utdanningsinstitusjoner fortsatt skal jobbe målrettet for å tiltrekke seg flere internasjonale utvekslingsstudenter, både gjennom sine samarbeidsavtaler med utenlandske universiteter og gjennom programmer som Erasmus+ (ved deltakelse i programmet i perioden 2021– 2027), Nordplus, UTFORSK og Dikus kvalitetsprogrammer.

– Regjeringen vil vurdere om Diku bør få en tydeligere rolle i å samordne og forvalte informasjon til innreisende utvekslingsstudenter for å gjøre informasjonen bedre og lettere tilgjengelig for disse studentene. I forbindelse med dette vil det også kunne være aktuelt å gi Diku i oppdrag å gi råd om rekrutteringstiltak rettet mot denne gruppen.

– Regjeringen forventer at institusjonene blir flinkere til å utnytte ressursen de internasjonale studentene representerer med tanke på å skape en internasjonal dimensjon ved norske universiteter og høyskoler. Blant annet bør institusjonene legge bedre til rette for samhandling mellom norske og internasjonale studenter.

– Regjeringen vil be samskipnadene legge til rette for mer fleksible leiekontrakter for studentboliger for å utnytte ressursene bedre med tanke på utreisende og innreisende utvekslingsstudenter. Her bør man se på muligheten for fremleie av studentboliger for norske studenter som er på utveksling i utlandet, også for å lette boligsituasjonen for innreisende utvekslingsstudenter.

– Regjeringen vil be institusjonene og studentsamskipnadene avklare de økonomiske virkningene av at studentboliger blir stående tomme i enkelte semestre som følge av at utvekslingsstudenter kommer og drar igjen (såkalt «tomgang»), og vil oppfordre institusjonene og studentsamskipnadene til å etablere avtaler som regulerer dette.

– Regjeringen forventer at institusjonene fortsatt jobber for å tilby tilstrekkelig antall engelskspråklige studietilbud til at de kan tiltrekke seg utenlandske studenter.

– Regjeringen forventer at det er en hensiktsmessig balanse mellom andelen emner som undervises på henholdsvis engelsk og norsk, og at institusjonene avklarer i god tid før semesterstart hvilke emner som undervises på engelsk, og hvilke som undervises på norsk.

– Regjeringen forventer at universiteter og høyskoler er bevisst ansvaret de har for å vedlikeholde og videreutvikle norsk som fagspråk.

– Regjeringen vil at institusjonene, når de samarbeider med utenlandske institusjoner om praksisperioder i utlandet, så langt det lar seg gjøre, arbeider for også å tilby praksisplasser for utenlandske studenter i Norge. De sentrale aktørene i arbeids- og næringslivet må være behjelpelige med å legge til rette for dette.

Tiltak som tek for seg regjeringas politikk for Europakommisjonens program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett (Erasmus+).

– Regjeringen vil, ved en endelig beslutning om deltakelse i Erasmus+ fra 2021, legge frem en samtykkeproposisjon for Stortinget om deltakelse i Erasmus+ med sikte på innlemmelse i EØS-avtalen senest i juli 2021. Regjeringen vil komme tilbake til de budsjettmessige konsekvensene i de årlige statsbudsjettene. 2020–2021 Meld. St. 7 19 En verden av muligheter.

– Regjeringen vil, ved en endelig beslutning om deltakelse i Erasmus+ fra 2021, i kommende statsbudsjetter vurdere behovet for økte administrasjonsmidler til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høyere utdanning (Diku) og til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) for å håndtere økt budsjett og aktivitet for Erasmus+.

– Regjeringen vil, ved en endelig beslutning om deltakelse i Erasmus+ fra 2021, i kommende statsbudsjetter vurdere behovet for eventuelle stimuleringsmidler for å øke deltakelsen i Erasmus+ og behovet for forsterkningsmidler for å øke effekten av norsk deltakelse i programmet.

– Ved en endelig beslutning om deltakelse i Erasmus+ fra 2021, vil regjeringen utarbeide en ny strategi for hele programperioden 2021-2027, basert på endelig vedtatt program.

– Med forbehold om fremtidig deltakelse i nevnte programmer forventer regjeringen større grad av synergier mellom ulike mobilitetsprogrammer og andre internasjonale programmer som Horisont Europa, Nordplus, EØS-midlenes utdanningsprogrammer, NOTED, UTFORSK og INPART.

– Ved en endelig beslutning om norsk deltakelse i Erasmus+ forventer regjeringen god deltakelse fra universiteter, høyskoler og andre relevante aktører.

Tiltak som omhandler internasjonale gradsstudentar som kjem til Norge

– Regjeringen vil at institusjonene styrker arbeidet med å skape et internasjonalt læringsmiljø der det legges best mulig til rette for samhandling mellom norske og utenlandske studenter i både faglige og utenomfaglige sammenhenger.

– Regjeringen vil ha en tydeligere og mer strategisk nasjonal politikk for hvilke internasjonale gradsstudenter Norge skal tiltrekke seg, og vil derfor opprette en arbeidsgruppe som skal vurdere en mer bevisst politikk overfor utenlandske gradsstudenter ved norske institusjoner. Politikken skal bygge på overordnede kunnskaps-, nærings-, innvandrings-, bistands- og sikkerhetspolitiske føringer og rammer. Utveislingen av en slik politikk skal skje med tanke på nasjonale kompetansebehov hvor også aktører utenfor universiteter og høyskoler skal delta, som Nærings- og fiskeridepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Justis og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Utenriksdepartementet og partene i arbeidslivet. Utredningen skal bygge på de overordnede nasjonale prioriteringene som går frem av langtidsplanen for forskning og utdanning (jf. Meld. St. 4 (2018– 2019)) og av strategien for eksport og internasjonalisering (jf. Nærings- og fiskeridepartementet 2017).

– Regjeringen vil at mulighetene for å søke jobb eller starte opp egen virksomhet i Norge i ett år etter at man har avlagt en grad, gjøres mer synlig i arbeidet for å tiltrekke seg studenter. Regjeringen oppfordrer Diku og utdanningsinstitusjonene til å informere internasjonale gradsstudenter om denne muligheten.

– Regjeringen ønsker at en større andel av helgradsstudentene til Norge kommer fra EU/ EFTA-området og fra Norges prioriterte samarbeidsland utenfor Europa. Videre bør institusjonene bruke mulighetene som ligger i samarbeidsprogram med det globale sør, for å styrke mobilitet og samarbeid med utviklingsland i det globale sør på mastergradnivå.

– Regjeringen vil vurdere å gjennomføre en sosioøkonomisk analyse av hva internasjonale gradsstudenter betyr for norsk økonomi, arbeidsliv og samfunn, både under og etter studiene. Analysen vil også omfatte utenlandske studenter betydning for norsk høyere utdanning, inkludert hvilken betydning de har for internasjonalisering hjemme. Det er videre naturlig å vurdere om en slik analyse skal gjøres på jevnlig basis og også omfatte utenlandske ph.d.-studenter.

– Regjeringen vil at arbeidet med å få på plass et felles mastergradsopptak av internasjonale studenter kommer i gang så snart som mulig.

– Regjeringen vil at det etableres en arbeidsgruppe som består av Kunnskapsdepartementet (sekretariat), andre relevante departementer og nasjonale aktører som Diku, Forskningsrådet og Innovasjon Norge, samt institusjonene. Gruppen skal få ansvar for å foreslå overordnede mål og prioriteringer for profileringen av Norge som kunnskapsnasjon i utlandet, i tråd med gjeldende overordnede politiske føringer.

– Regjeringen vil utrede nytten av å etablere et nasjonalt alumninettverk for internasjonale studenter. Dette innebærer blant annet å kartlegge eksisterende alumniarbeid på institusjonene og vurdere om det å etablere et nasjonalt.

MOGLEG MEDLEMSKAP I NORDIC CENTRE I INDIA

Saksbehandler Hilde Rusten
Arkivreferanse 21/00519-2

Utvalg
Utdanningsutvalget

Møtedato
23.02.2021

Utvalgsnr

Forslag til vedtak:

Utdanningsutvalet tilrår at NHH inngår pilotmedlemskap med Nordic Centre i India.

Bakgrunn:

NHH har hatt samarbeid med indiske partneruniversitet sidan 2002. På eit møte med den norske ambassaden i september 2020 vart det diskutert korleis NHH kan få til eit godt samarbeid med India på utdannings- og forskningssida. Ambassaden følgde opp med ein førespurnad om NHH kunne vere interessert i medlemskap i Nordic Centre i India.

I saksframlegget vil vi kartleggje fordelar og eventuelle ulemper med eit slikt medlemskap i høve til utdanningssamarbeid. Vi vil synleggjere at eit medlemskap kan nyttast for å levere på NHH sine prioriteringar og strategi, og konkluderer med at eit medlemskap vil vere verd ressursbruken dette vil medføre.

Samarbeid med India innan høgare utdanning oppfyller NHH sine mål

India er eit av seks prioriterte land (BRIKS-landa) i Panoramastrategien. Målet med strategien er å leggje til rette for eit betre og meir langsiktig samarbeid med strategilanda innan høgare utdanning og forskning. I Stortingsmelding 7 (2020-2021) frå Kunnskapsdepartementet om internasjonal studentmobilitet i høgare utdanning vert det sterkt understreka at regjeringa ønskjer at fleire norske studentar skal reise på utveksling til prioriterte samarbeidsland, og ein ønskjer å tiltrekkje seg fleire høgt kvalifiserte studentar frå desse landa.

Bakgrunnen for at India er så strategisk viktig for Noreg viktig vert særleg diskutert i regjeringa sin strategi for samarbeidet med India, Strategi Norge-India 2030 (12/2018): «Indias geopolitiske rolle, befolkningens størrelse, landets lange kystlinje og, ikke minst, en sterkt voksende økonomi, gjør India i økende grad til en global premissleverandør og en stadig viktigere partner for Norge».

Noreg og India inngjekk i 2008 ei intensjonsavtale (MoU) om samarbeid innan forskning og høgare utdanning. Samarbeid innan høgare utdanning mellom norske og indiske institusjonar har til no vore avgrensa, og samanlikna med til dømes Kina er det etter måten få studentar som reiser til India. Bakgrunnen for dette er samansett, men for dei fleste norske studentar skuldast det at India som studieland så langt har vore ukjend territorium, grunna låg mobilitet

og lite marknadsføring. Ugunstig semesterstruktur, tvil om kvaliteten på utdanninga og varierende grad av profesjonalitet i mottaksapparatet ved mange universitet, er andre årsaker som nok også verkar inn på NHH sine studentar. Mange har ei oppfatning av India som noko kaotisk og uoversiktleg, med mykje fattigdom, diskriminering og høg forureining i byane.

På institusjonsnivå kan det vere utfordrande å samarbeide med indiske partnerar. Mangfaldet, volumet, enorme kvalitetsforskjellar og store regionale og lokale forskjellar i akademisk struktur gjer at det for utanforståande kan vere svært krevjande å få oversikt. Dette er også bakteppet for at fleire nordiske utdanningsinstitusjonar nyttar Nordic Centre i India (NCI) som mellomledd og knutepunkt til indiske partnerar.

Nordic Centre in India

Det nordiske senteret i India, NCI, vart grunnlagd i 2001 og er ei samanslutning av institusjonar i Noreg, Sverige, Danmark, Finland, Island og India. NCI er ein non profit-organisasjon med eit ambulerande sekretariat, som for tida ligg i Aarhus. Frå Noreg si side er Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo og OsloMet medlemmar. Av NHH sine partnerskular i Norden er Gøteborgs Universitet, Lund Universitet, Umeå Universitet, Stockholms Universitet og Copenhagen Business School medlemmar av NCI.

NCI samarbeider med indiske universitet og institutt om å arrangere sommarkurs, språkkurs, semesterstudiar og praksisopphald for nordiske studentar. NCI arrangerer vidare forelesningar, workshops og seminar for å leggje til rette for forskningssamarbeid mellom nordiske og indiske institusjonar. Ved hovudkontoret i Delhi tilbyr NCI gjesterom for kortvarige opphald og fasilitering av møte og akademiske arrangement utan kostnad for dei nordiske medlemsinstitusjonane. NCI tilbyr assistanse og hjelp til besøkjande frå medlemsuniversiteta, både av praktisk karakter og når det gjeld å knytte kontaktar for forskningssamarbeid.

I kontakt med UIB og OsloMet har dei opplyst at medlemskapet har vore vel verd investeringa. NCI har eit stort nettverk, er flinke til å legge til rette for partnerane sine og skreddarsyr tilbodet i stor grad ut frå deira behov. Universiteta bekreftar at det kan vere ressurskrevjande og tungt å navigere i det kompliserte akademiske systemet i India, og at det difor har vore av stor verdi å ha NCI som kulturell tolk og praktisk tilretteleggjar i eit elles uoversiktleg landskap. I tillegg har senteret vore ein sikkerheitsgaranti for studentar eller forskarar som har vore utsett for sjukdom, ulukker eller kriminalitet.

Generalforsamlinga i NCI har no vedteke at potensielle medlemmar kan få eit pilotmedlemskap på 1500 euro per år med tre års forplikting. På slutten av treårsperioden kan ein så velje anten å forlate konsortiet eller konvertere pilotmedlemskapet til fullt medlemskap, som per i dag er på EUR 5,500 per år.

Som Utdanningsutvalet kjenner til er NHH medlem av Nordic Centre i Kina, ei liknande samanslutning knytta til Fudan University. Årleg medlemsavgift er her til samanlikning EUR 7 400.

Fordelar og ulemper

I NHH sin strategi for 2018-21 set vi oss mål om å «styrke internasjonalt samarbeid gjennom å skape og videreutvikle allianser med utvalgte internasjonale utdanningspartnere, samt bedrifter, organisasjoner og forvaltning». Slik vi ser det oppfyller samarbeid med Nordic

Centre i India denne målsettinga, og samsvarer også med prioriteringane i Panoramastategien.

India vil om få år vere verdas tredje største økonomi, og dette er noko som NHH i høve til vår strategi om å vere relevante og i ein frontposisjon må ruste oss for. Ettersom India er eit stort og uoversiktleg land med eit komplisert akademisk system, og NHH har avgrensa administrative ressursar, vil det vere hensiktsmessig å ha ein partner som kan bistå oss lokalt i India.

Frå vårt perspektiv er det i hovudsak fordelar ved eit eventuelt medlemskap i NCI. Eit medlemskap vil gi tilgang på praktisk og fagleg bistand som NHH elles vil måtte bruke store interne og eksterne ressursar på, og vil gi oss høve til å utvikle gode og solide prosjekt i samarbeid med indiske partnerar. Dette vil hjelpe oss med å levere på måla vi set oss i NHH sin strategi om å vise veg for kunnskaps- og kompetanseutvikling på fagområda som kjenneteiknar ein leiande internasjonal handelshøgskule.

Nordic Centre er i dag ein viktig tilretteleggjar og møteplass for nordiske forskarar og studentar i India, og eit kontaktpunkt opp mot institusjonar, organisasjonar og bedrifter. Til tross for ein velvillig norsk ambassade og konsulat, norske næringslivsorganisasjonar og eventuell støtte frå partneruniversitetet, dekkjer NCI eit behov for lokal og praktisk støtte for norske studentar og NHH-tilsette som vi ikkje kan sjå at andre organisasjonar på noverande tidspunkt vil kunne fylle. NCI vil kunne bistå internasjonal seksjon ved NHH i å få til auka inn- og utmobilitet og sikre betre kvalitet i programma i India i tråd med føringane frå regjeringa. Eit samarbeid med NCI vil også kunne bidra til å sikre oss prosjektmidlar som vil auke kvaliteten i programma våre, og bistå oss i å levere på hovudmålet om utdanning i NHH sin strategi.

Slik vi ser det er den største ulempa ved eit medlemskap kostnaden på om lag 60 000 NOK per år. Eventuell bindingstid eller krav om ressurskrevjande obligatorisk aktivitet kunne også vore eit risikomoment, men NCI stiller ikkje slike krav om forplikting utover dei tre første åra.

Med eit «pilotmedlemskap» vil kostnaden dei tre første åra reduserast til ein fjerdedel. Dette vil gi NHH fleksibilitet til å teste ut eit medlemskap utan vesentlege tap dersom aktiviteten er låg. Det gir oss også høve til å få bistand med å få i stand eventuelle nye program, som til dømes Internship Abroad i norske selskap i kombinasjon med utveksling, eller eit dobbelgradsprogram.

Etter vår vurdering er dette ei god moglegheit til å prøve ut medlemskapet i NCI, som vil vere verd kostnaden også ved låg aktivitet og mobilitet. Basert på kontakten vi har hatt med Nordic Centre og deira norske partnerar, er vår konklusjon difor at eit pilotmedlemskap vil vere verd ressursbruken som eit medlemskap vil medføre.

Ettersom vårt hovudfokus her har vore på utdanning, vil vi anbefale Utdanningsutvalet om også å ta stilling til kor vidt NHH vil kunne hente ut gevinstar av eit medlemskap i NCI på forskningssida.

Forslag til anbefaling:

Utdanningsutvalet tilrår at NHH inngår pilotmedlemskap med Nordic Centre i India.

EVENTUELT 2/21

Saksbehandler Merete Ræstad
Arkivreferanse 17/03137-28

Utvalg
Utdanningsutvalget

Møtedato
23.02.2021

Utvalgsnr

Forslag til vedtak:

Eventuelle vedtak formuleres i møtet

Dette punktet på sakslisten er unntatt offentlighet.

ORIENTERING OM INTERNASJONALT OPPTAK VED NHH

Saksbehandler Heidi Sund
Arkivreferanse 21/00563-1

Utvalg
Utdanningsutvalget

Møtedato
23.02.2021

Utvalgsnr

Forslag til vedtak:

Utdanningsutvalget tar saken til orientering.

Bakgrunn:

Seksjon for opptak arbeider ut fra NHHs strategi 2018-2021, nærmere bestemt den overordnede planen for implementering og oppfølging av satsingsområdene, vedtatt 12.12.2018.

Det er igangsatt aktiviteter og tiltak knyttet til å øke NHHs appell hos grupper som per i dag ikke er godt nok representert i NHHs studentmiljø. Dette er først og fremst et ansvar som tilligger kommunikasjons- og markedsavdelingen, men seksjon for opptak har direkte kontakt med mange søkere og har i tillegg de mest besøkte nettsidene på nhh.no, så seksjonen har en viktig rolle i å synliggjøre NHH for ulike søkergrupper. Hittil i strategiperioden har arbeidet med å kvalitetssikre og videreutvikle det tverrfaglige arbeidet vært viktig. Ettersom det blant annet er snakk om å endre og etablere merkevaren NHH i flere segmenter, er det naturlig at dette arbeidet vil måtte foregå målrettet over lang tid. Det å søke et studie er et valg som sjelden gjøres spontant, og spesielt ikke om man skal flytte til et annet land.


I strategien er det særlig lagt vekt på mangfold i studentmassen, i tillegg til høy inntakskvalitet og et godt læringsmiljø, noe som videre er ment å øke kvaliteten i utdanningen. Mangfold oppnås gjennom en balansert kjønnsfordeling, en jevnere fordeling av norske studenter med hensyn til geografiske regioner og andre karakteristika, samt et større innslag av gode internasjonale studenter.. I strategien heter det at i tråd med NHHs strategi skal NHHs studieprogram være «et klart førstevalg innenfor økonomisk-administrative fag blant et mangfold av norske studenter, og tiltrekke seg høyt kvalifiserte internasjonale studenter.» Internasjonalt opptak til MSc på NHH bidrar spesielt til et internasjonalt studiemiljø.

Søkertall MSc 2021

Totalt har NHH mottatt søknader til MSc fra 1102 søkere. De fordeler seg slik på profilene:

FORDELING SØKERE PÅ PROFILER 2021

■ ECN ■ ENE ■ FIN ■ BUS ■ MBM ■ STR ■ BAN ■ ECO



ECN: 100, ENE: 101, FIN: 220, BUS: 102, MBM: 189, STR:150, BAN: 212, ECO:28.

Det er per nå (medio februar) ikke mulig å anslå antall komplette søkere eller hvor mange som kommer til å møte. Det kan allikevel være nyttig å se hen til tidligere opptak.

Erfaringer fra MSc i 2020

Til det internasjonale masterprogrammet mottar vi hvert år mange søknader som mangler dokumentasjon og som dermed blir vurdert om ukomplette. Ved sammenligning av søkertall på MSc blir det derfor mest riktig å se på hvor mange komplette søknader vi har mottatt. Sammenlignet med 2019, var det i 2020 19% færre komplette søknader, som vist i tabell 1. I opptaket for 2020 innførte vi digitale intervjuer, og krevde at søkerne gjennomførte intervjuet for at søknaden skulle være komplett. Dette betyr at nedgangen i komplette søknader ikke er så dramatisk som det fremgår av tallene. I opptaket var det 65 søkere som fikk status som ukomplett siden de ikke gjennomførte intervjuet, så med de samme kravene som i fjor ville nedgangen i komplette søknader bare vært 7%.

Av de komplette søknadene, var det 201 søkere som fikk tilbud om opptak. På grunn av COVID-19 situasjonen og innreiserestriksjoner, fikk MSc-studentene i mai velge om de ville (1) følge studiet som vanlig, (2) følge digital undervisning første semester eller (3) reservere plassen til neste studieår. Hele 57 MSc-studenter og 5 dobbelgradstudenter valgte å utsette studiestart til 2021, såkalt reservert studieplass. I 2020 var det dermed bare 80 studenter som møtte på MSc, og 22 av disse er dobbelgradstudenter. NHH nådde ikke målet om 100 internasjonale gradsstudenter, men dette skyldes den helt spesielle situasjonen i 2020. Vanligvis pleier det å være få, om noen, av de internasjonale studentene som søker om og får innvilget reservert studieplass, og dette er dermed hovedårsaken til at møttalet sank i 2020. Blant de 80 møtte studentene, har 25 valgt å gjennomføre første semester digitalt. Hvordan de møtte

studentene fordelte seg på de ulike profilene i 2020 er vist i tabell 3, og vi ser at BAN, STR og FIE er de mest populære profilene blant de internasjonale studentene.


Søkertall for internasjonalt masteropptak:

	H16**	H17	H18	H19	H20
Søkarar	1506*	1312	1414	1413	1034
Komplette søknadar	353*	498	472	529	426
(andel)	23 %	38 %	33 %	37 %	41 %
Tilbod*	118	227	248	227	201
Ja-svar*	83	112	126	125	144
Møtt*	74	90	117	111	80
Kvinneandel	45,9 %	44,3 %	53,0 %	44,0 %	41,3 %


*Inkludert dobbelgrad.

** I 2016 blei søkartala tatt ut seint i prosessen, ikkje ved søknadsfristen.

Tabell 1.



Tabell2. Fordeling av dei møtte studentane på MSc på dei ulike profilane (inkludert dobbelgrad).



Tabell 3

Oversikt over nasjonalitetene for dei møtte MSc-studentane. Figuren viser dei landa det i år er flest møtte studentar frå. Resten er summert i kategoriar etter verdsdel.

Tiltak: Tiltak master internasjonalt:

Det ble i forkant av rekrutteringsperioden for opptak 2020 bestemt å gjøre en ekstra satsing på Island. Dette blei gjort av to hovedgrunner: 1) teste ut et lite område der vi kan følge med på utviklingen og 2) avgrenset budsjett. Foreløpig er det ikke blitt observert noe økning i antallet islandske søkere, men det tar erfaringsmessig noe tid å bygge kjennskap i et nytt marked. I tillegg til Island fortsetter NHH satsingen på byer i Italia og Tyskland. Her er det stabile tall.

- **Betalt annonsering i sosiale media:** Island, byar i Italia og Tyskland.
- **Programmatisk annonser:** målrettede annonser i Google-nettverket, rettet mot et islandsk publikum.
- **Buddy-programmet:** er organisert av Kommunikasjons- og markedsavdelingen i samarbeid med studentene i MEBA Council. Alle nye studenter som har takket ja til plass ved NHH, får tilbud om en NHH Buddy (eksisterende student), som de kan stille spørsmål og ha kontakt med frem mot studiestart. NHHs buddyer blir lønnet med Bygavekort.

I tillegg vurderes det digitale intervjuet (Kira) som et tiltak for å sikre møtt. Gjennom intervjuet blir søkerne kjent med NHH, får sett skolen, området, forelesere og studenter. Å gå gjennom et intervju oppleves som mer forpliktende enn å bare sende dokumenter og skal derfor kunne sikre ja-svar og møtt i større grad enn tidligere blant internasjonale søkere. Det var synd at 2020 ikke gjorde det mulig å måle reell effekt av intervju.

ORIENTERING OM RESULTATENE FRA STUDIEBAROMETERET 2020

Saksbehandler Merete Ræstad
Arkivreferanse 14/00337-56

Utvalg
Utdanningsutvalget

Møtedato
23.02.2021

Utvalgsnr
6/21

Klikk her for å skrive inn tekst.

.

Bakgrunn

Resultatene fra Studiebarometeret 2020 ble lansert på NOKUT-frokosten torsdag 11.2.21. Det er 2. års studentene på bachelor- og masterutdanningene som deltar i undersøkelsen.

I årets undersøkelse har man valgt å ta ut noen tradisjonelle spørsmål for å gi plass til korona-relaterte spørsmål. Disse er utarbeidet i samarbeid med NIFU.

Resultatene for hele sektoren finner dere her: <https://www.studiebarometeret.no/no/>. Resultatene for BØA, MØA og MRR, samt det samlede resultatet for NHH, sendes ut sammen med sakslisten.

Under finner dere programledernes kommentarer til resultatene. Skalaen for scoren det refereres til går fra 1-5, hvor 1=ikke enig og 5=helt enig.

Bachelor i økonomi og administrasjon - BØA

Det var 100 bachelorstudentar ved NHH som svarte på studiebarometeret hausten 2020. Det gir ein svarprosent på 23 %, medan hausten 2019 var svarprosenten ved BØA 33 %. Landsgjennomsnittet hausten 2020 var 44 %.

Studiebarometeret rapporterer om funn i åtte hovudindeksar¹. BØA ved NHH har i 2020 svakare resultat i syv av dei åtte indeksane enn i 2019. Berre for indeksen *Undervisning* er det en oppgang frå 3,5 til 3,6. BØA ligg over snittet for økonomisk-administrative fag i alle indeksar.

Indeksen *Organisering* har eit klart fall frå 4,3 i 2019 til 3,9 i 2020. Informasjon og kvaliteten på informasjon om studieprogrammet, i tillegg til administrativ tilrettelegging, fell med 0,4 poeng frå 2019. Dette er ei ganske stor endring frå elles tradisjonelt ganske stabile tall. Dei andre indeksane med nedgang fell med 0,1 eller 0,2.

Indeksen *Tilbakemeldingar* er den svakaste for programmet, både i 2020 og tidlegare år, med ein score på 3,2 i 2020. Under denne indeksen er *Faglig rettleiing og diskusjonar med faglig tilsette* det spørsmålet vi scorar lågast på, både i 2020 og over tid, med ein score på 2,8 i 2020.

Studiebarometeret har om lag 30 andre spørsmål om programma². Her er det mindre variasjonar frå tidlegare. Bland spørsmåla om eige læringsutbytte med lågare score (3,1 – 3,3) er *eigen erfaring med forskings- og utviklingsarbeid, yrkes- og fagspesifikke ferdigheiter, munnleg kommunikasjonssevne, evne til å tenke nytt*. Også spørsmålet om medverknad får låg score (3,2) i 2020, medan fleire spørsmål om digitale verktøy får klart betre score i 2020 enn i 2019.

Studiebarometeret har i 2020 ein ekstra kategori knytt til pandemien, med om lag 20 ulike spørsmål. Ein må tru at mykje av det som kjem fram i kategorien er forventa svar, men NHH-studentane er generelt noko meir positive til den nettbaserte undervisninga enn snittet for andre skular.

Oppsummering

Svarprosenten er lågare enn i 2019, og mykje lågare enn gjennomsnittet for alle studentar. Resultata er på mange område stabile, og viser same utfordringar som tidlegare.

Dei største endringane frå 2019 kan ha samanheng med pandemien og endringane den har ført med seg. Dette gjeld til dømes indeksen *Organisering*, der studentane møtte store endringar i undervisning og vurdering både våren og hausten 2020. Samtidig ser det ut til at studentane meiner NHH greidde overgangen til digital undervisning rimeleg godt. Scoren på spørsmålet *Eg sakna det sosiale studiemiljøet* var 4,6, og dette var ikkje heilt uventa det høgste talet for NHH i studiebarometeret 2020.

¹ Dei åtte indeksane er *undervisning, tilbakemeldingar, forventningar, læringsmiljø, organisering, tilknytting til yrkeslivet, inspirasjon*.

² Dei andre spørsmåla er inndelt i gruppene *eige engasjement, tidsbruk, vurderingsformer, eige læringsutbytte, medverknad, digitale verktøy*.

Master i økonomi og administrasjon - MØA

Sammenlignet med fjoråret gjør MØA-NHH det merkbart dårligere med hensyn til overordnet tilfredshet (-0,3) og hvorvidt studentene går på det studieprogrammet de helst vil gå på (-0,2). Her har resultatene for MØA-NHH også blitt dårligere relativt til snittet for økonomisk-administrative studier, og skåren for overordnet tilfredshet for MØA-NHH er nå omtrent som snittet (+0,1). Det er interessant å legge merke til at BØA-NHH gjør det bedre enn i 2019, så det er vanskelig å forklare nedgangen for MØA-NHH som en NHH-effekt.

Hovedområdene viser enten negative eller ingen endringer for MØA-NHH: undervisning (-0,1), vurderingsformer (-0,1), tilknytning til arbeidslivet (-0,3), inspirasjon (-0,2). Gjennomsnittlig skår for økonomisk-administrative studier viser samme tendens. Den negative utviklingen for både MØA-NHH og resten av sektoren kan ha sammenheng med COVID-19.

MØA-NHH er bedre enn snittet med hensyn til læringsmiljø (+0,1), organisering (+0,3), vurderingsformer (+0,1), inspirasjon (+0,1), bruk av digitale verktøy (+0,2) og tilknytning til arbeidslivet (+0,4), mens vi er dårligere enn snittet med hensyn til tilbakemeldinger (-0,1) og forventninger (-0,2).

Organiseringen av studieprogrammet får god skår i forhold til snittet langs alle dimensjoner, både når det gjelder tilgjengelighet / kvalitet på informasjon, administrativ tilrettelegging og faglig sammenheng mellom emner i programmet.

Når det gjelder tilknytning til arbeidslivet har skåren til MØA-NHH gått kraftig ned, samtidig som den er vesentlig bedre enn snittet for sektoren. Her har skårene for delspørsmålene om informasjon om arbeidslivet og karriereveiledning gått ned. En mulig forklaring er at koronasituasjonen og dårligere utsikter i arbeidsmarkedet gjør at studentene blir mer opptatt av karriereveiledning. Svakere evaluering med hensyn til arbeidslivstilknytning gjelder ikke bare MØA-NHH, vi ser her også en nedgang for snittet av de økonomisk-administrative studiene, og nedgangen for BI sitt masterstudium er her større enn for NHH. Grunnen til at vi likevel gjør det så mye bedre enn snittet skyldes at representanter fra arbeidslivet bidrar i undervisningen og at studentene har mulighet for å jobbe med prosjekter/oppgaver i samarbeid med næringslivet.

Når det gjelder spørsmålene om koronasituasjonen og undervisning skiller ikke MØA-NHH seg særlig fra snittet. Sammenligner med masterstudiet i økonomi og ledelse ved BI ser vi at de kommer noe bedre ut enn MØA-NHH når det gjelder å engasjere studentene i diskusjoner på nett.

Resultatene med hensyn til koronasituasjonen og egen deltakelse i undervisningen tyder på at masterstudentene ved NHH har en relativt positiv holdning til digital undervisning. De er mindre tilbøyelige enn andre studenter til å si at undervisning via nettet er mindre motiverende og at de ville ha lært mer om de kunne ha vært fysisk til stede, og de er mer fornøyd med veiledning over nett. De ser også ut til å ha satt større pris på opptak av undervisning og er mindre positiv til live-streamet undervisning.

Når det gjelder eksamen og korona er det påtakelig at MØA-studentene ved NHH i større grad enn studenter ved andre økonomisk-administrative studier synes det var greit at det ble gitt B/IB i stedet for bokstavkarakterer våren 2020.

Svarene fra MØA-studenter ved NHH vedrørende korona og psykososiale forhold viser at konsekvensene av pandemien stort sett har vært den samme for dem som for andre studenter i lignende studier.


Master i regnskap og revisjon - MRR

Studentene er generelt fornøyd med MRR med en overordnet tilfredshet på 4,1.

Tallene for 2020 er sterkt påvirket av koronasituasjonen. Man ser det særlig på *faglig og sosialt læringsmiljø* som bare skårer 3,4, noe som er en nedgang på 0,7. Overgangen til digital undervisning med lite aktivitet på campus merkes godt på MRR hvor alle kursene er store kurs med ca 100 studenter (pluss 50 i Oslo). Samtidig er studentene fornøyd med organiseringen av studiet under pandemien. Selv om det faglige og sosiale læringsmiljøet har vært skadelidende, er ikke studentene misfornøyd med digital undervisning i seg selv. Noen liker det bedre en vanlig auditoriumsforelesning og noen gjør det ikke. Det kan henge sammen med at en del MRR-studenter jobber i revisjonsselskap ved siden av og opplever at digital undervisning gir dem mer fleksibilitet.


Det området MRR skårer svakest på, er *tilbakemelding og veiledning*. Skåren der er 2,8. MRR har skåret svakt på denne i flere år uavhengig av pandemien. Noe av årsaken er størrelsen på kursene som gjør at få kurs gir individuelle tilbakemeldinger. Vi jobber for å forbedre dette.

Ellers merker MRR-ledelsen seg at det bare er toårige MRR-studenter som inviteres til å svare på studiebarometeret. Disse studentene utgjør bare 1/3 av studentene på MRR, og selv om svarprosenten er 29% innebærer dette at bare 14 studenter som har svart.



Tilbakemelding og veiledning

Hvor tilfreds er du med følgende:



PROREKTOR ORIENTERER 2/21

Saksbehandler Merete Ræstad
Arkivreferanse 18/00613-25

Utvalg
Utdanningsutvalget

Møtedato
23.02.2021

Utvalgsnr

Prorektor orienterer om aktuelle saker i møtet